

HØYRINGSdokUMENT

Vedtekter i SFO



Foto Ellen Tveit

Sveio, 1.11.2016

SAK OM FORSLAG TIL NYE VEDTEKTER I SFO

INNLEIING

1. Bakgrunn for saka

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn (viser her til opplæringslova § 13-7).

Av opplæringslova går det fram at skulefritidsordninga skal ha vedtekter om eigarforhold, kven som er opptaksmyndigheit, opptakskriterium, opptaksperiode og oppseiing av plass i SFO, foreldrebetaling, leike -og opphaldsareal, dagleg opphaldstid og årleg opningstid, bemanning og leiing. Fleire av vedtektspunkta påverkar økonomien i ordninga.

Vedtektene i SFO for Sveio kommune vart vedtekne i 2009. Dei mange åra som har gått sidan dette vedtaket vart gjort og ein del spørsmål frå føresette knytte til ferietilbod og andre tilhøve som gjeld SFO, tilseier at tida er inne for å vurdere vedtektene på ny .

2. Prosess og tidsplan

Hovudutval oppvekst og kultur har vedteke tidsplan for saksprosessen. Her går det fram at høyring på saksorienteringa om SFO i Sveio kommune blir i tidsrommet 1.11.-10.12.16 . På heimesidene til kommunen blir tidsfrist for høyring og høve til å gi uttale kunngjort.

I samsvar med prinsippet om forsvarleg sakshandsaming blir saksorienteringa sendt på høyring til rådsorgana ved skulane, men alle andre har og rett til å uttala seg. Med bakgrunn i informasjon som kjem fram i høyringsuttalane, vil rådmannen utarbeida vurdering og framlegg til vedtak som skal handsamast i komité for oppvekst og utdanning, formannskap og kommunestyre i 1.møteserie på nyåret.

1. Sjølvkost

Av lova går fram at: *«Kommunen kan krevje utgiftene til skulefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra»*

Når sjølvkost skal leggjast til grunn for økonomien i SFO-tilbodet, må både inntektssida og kostnadssida vurderast. Kostnadssida i SFO er kompleks og lite føreseieleg og handlar om tilbodsmodellar, personaltettleik, tid til administrasjon og leiing, opningstider, oppseiingstid m.m. som alt skal gå fram av vedtektene.

I førearbeida til lova om SFO frå 1998, vart det framheva at kommunen skulle dekke utgifter til lokale, straum og inntektstap som følgje av innføring av søskenmoderasjon eller inntektsgraderte betalingsssatsar. Det gjekk elles fram at utgifter til barn med særskilte behov ikkje skulle leggjast inn i grunnlaget for berekning av foreldrebetaling.

Då statstilskottet til SFO blei innlemma i rammetilskottet til kommunane, vart lova om SFO endra (2003). Av lovteksten her går det m.a. fram: *«Kommunen kan krevje utgiftene til skulefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.»* I forhold til å dekke inn utgiftene til kommunen, blir det i lovteksten ikkje lenger lagt opp til noko avgrensing når det gjeld høvet til å krevje foreldrebetaling for plass i SFO.

Kva som skal leggjast til grunn for utrekning av sjølvkost, vil bli ei vurdering for kvar einiskild kommune, men om prisane for tilbodet ikkje skal bli for høge, er det naturleg å ta utgangspunkt i førearbeida til lova slik Sveio kommune har gjort i utarbeiding av dei eksisterande vedtektene for SFO.

Rådmannen legg så til grunn for det vidare arbeidet med vedtektene, at kommunen skal dekkja kostnader til lokale og uteareal, straum, tid til leiing for rektor og personalressursar knyta til barn med nedsett funksjonsevne.

2. Vedtektene i SFO.

Når husleige, adm.ressurs til rektor, straum og personalkostnader til tiltak for barn med særskilte behov blir halde utanfor sjølvkostgrunnlaget, vil det i hovudsak vera lønn og sosiale kostnader i det ordinære tilbodet som skal dekkast av foreldrebetalinga (aktivitet -og tilsynsansvaret for barna).

Personalkostnadane i det ordinære tilbodet blir påverka av tilbodsstruktur/ tilbodsmodellar, utdanningsnivå på dei tilsette, vaksentettleik, opningstider, oppseiingstid, avsett tid til leiing og etterspørsel.

Førde skule, Sveio skule, Valestrand oppvekstsenter og Vikse skule har i dag SFO-ordningar. Elevar frå Auklandshamn skule har tilbod om SFO på Sveio skule. Kommunen betalar skyss frå Auklandshamn til Sveio etter skuletid.

Betalingssatsane er likelydande for fritidsordningane ved alle skulane, og inntektene skal såleis bidra til å gi skulane like rammevilkår for drifta.

3. Bemanning/tal på barn pr. vaksen

I gjeldande vedtekter for SFO er gruppestorleik 14 barn pr. vaksen.

Av omsyn til tryggleiken til barna kan det vera trong for meir enn ein vaksen på skulen i SFO-tida. Dersom eit barn skadar seg eller brått blir sjuk, må det vera mogleg å tilkalla ein vaksen som på kort varsel kan ha tilsyn med barnegruppa slik at gruppeleiar kan ta seg av det sjuke/skada barnet og eventuelt tilkalla lækjar eller føresette.

Opningstidene i SFO er mellom kl. 07.00 – kl.16.30. Rektorar og pedagogar har si arbeidstid før, etter og i kjernetida for skuledrifta og kan ikkje påleggjast fast arbeidstid utover det. Når det er nok barn til to grupper og to vaksne, må det i skade-eller sjukdomssituasjonar vera mogleg å slå saman dei to gruppene til situasjonen er avklara og under kontroll.

3.1. Kostnad pr. gruppe i SFO på full tid i skuleåret (38 veker)

Tabellen under syner personalkostnader for ei gruppe med ein vaksen og noko ekstra personalressursar for tilsyn.

TYPE KOSTNADAR	2016
Tilsyn opningstida	253 895
Ekstra tilsyn morgon/etterm	65 000
SUM	318 895
Sosiale utgifter (36%)	114 802
Lønnskostnadar ei gruppe	433 697
Materiell/utstyr	10 000
SUM EI GRUPPE	443 697

Kostnaden for ei gruppe i SFO, er høg. Om tal på barn tilseier at dette blir den einaste SFO-gruppa ved skulen, må her leggast inn ressursar til ekstra tilsyn morgon og sein ettermiddag. Samarbeidsressurs for tilsette i samsvar med SFS 2201 må takast av same ressurs og sjølv om dei største SFO-ordningane ikkje i same grad vil ha trong for tilsynsperson nr.2, vil dei ha trong for ressursen til å setja av tid til samarbeid for dei tilsette i ordninga.

Ressursane til ekstra tilsyn som her er lagt inn, kan vera i knappaste laget for å sikra ekstra tilsyn utanom arbeidstida for rektor og lærarar ved skulen (kl. 8.00-15.30). Tidleg på dagen og like før ordninga stengjer, bør det vera mogleg å redusera til ein vaksen om situasjonen tilseier at det er forsvarleg. Tiltaket krev at det blir utarbeidd ei tydeleg rutine for å sikra forsvarleg drift i slike situasjonar.

Rådmannen kjenner til at både Førde og Valestrand har avtalar med nabobarnehagane for å sikra seg om spesielle situasjonar skulle oppstå. Det er ein føresetnad at skulane må finna gode og forsvarlege bemanningsløysingar når brukargrunnlaget er lite, og det må utarbeidast rutine og avtalast bakvakt for desse situasjonane.

3.2. Krav til tal barn for å finansiera kostnadane for ei gruppe

Av vedtekter frå andre kommunar går det fram at bemanningsfaktoren kan variera frå ein vaksen pr.10 barn til ein vaksen pr. 18 barn. Fleire kommunar har valt som rettleiande bemanningsfaktor ein vaksen pr. 15 barn. Med ein rettleiande faktor blir det den enkelte skule si oppgåve å syta for at SFO-ordninga blir sikra ei forsvarleg drift innanfor dei rammene som foreldrebetalinga gir, men dei kommunale vedtektene må leggja til rette for at det kan vera mogleg.

Krav til tal på barn i ei gruppe om personalkostnadane skal dekkast gjennom foreldrebetalinga blir:

Personalkostnadar pr. år for ei gruppe i SFO i skuleåret (Ein vaksen i heile opningstida + noko ekstra tilsyn/samarbeidsressurs)	443 697
Pris pr. heil plass pr. år :2955*10 (pris.pr.28.10 + forventa prisauke)	29 550
Krav til tal på barn pr. gruppe	15

Utfordringa er at om foreldrebetalinga skal finansiera nødvendig tal på vaksne for ei gruppe i heile opningstida, må 15 barn velja full plass. Ser ein på korleis barn i SFO fordeler seg på dei ulike plassalternativa i skuleåret 2016/2017, er det få av brukarane som har 100 % plass.

Dersom det 16.eller 17.barnet skal utløysa ny gruppe og ein ny vaksen, vil det gi økonomiske utfordringar sjølv om den ekstra tilsynsressursen for den første etablerte gruppa vil bidra

noko i forhold til neste gruppe. Såleis blir ein rettleiande bemanningsfaktor å føretrekkja om tilbodet skal gå i balanse.

Fleire skular i Sveio kommune har såpass lite brukargrunnlag i SFO at det kan bli utfordringar med å få dekkja personalkostnadane for ei gruppe. Kommunen kan setja krav til tal påmeldte barn for at ei ordning skal vidareførast.

Sveio kommune har hatt 11 innbetalingar pr. år for ein plass i SFO i 38 veker. Dette skil seg frå andre kommunar, og rådmannen vil såleis foreslå 10 innbetalingar for ein plass i skuleåret. Bruk av ferietilbod må det betalast for i tillegg.

Den største utfordringa for SFO i Sveio kommune, er at så få barn nyttar ordninga. For å gjera ordninga rimelegare for å sjå om det kan påverka etterspørselen etter full plass i skuleåret, vil rådmannen foreslå å redusera kostnaden pr. år med ei innbetaling. For full plass i skuleåret vil dette tilsvare 2955 kr.

Rådmannen vil foreslå at det blir innført ein rettleiande bemanningsnorm på ein vaksen pr.15 barn.

4. Tilbodsstrukturen/tilbodsmodellar

Det er i dag ingen nasjonale kvalitetsstandardar på SFO- tilbodet, og tilbodsalternativ og prisar varierer mellom kommunane.

4.1. Tilbodsstrukturen i forhold til gjeldande vedtekter.

Tilbodsstrukturen og prisen for dei ulike tilboda går fram av tabellen under (gule kolonnar). Tabellen under viser i tillegg påmeldte elevar frå dei ulike skulane i Sveio kommune inneverande skuleår fordelt på dei ulike tilboda (grøne kolonnar):

TILBODSSTRUKTUR	Pris pr. mnd. 30.10.16	TAL PÅ BARN 2016/2017					
		Førde	Sveio	Valestr	Vikse	Aukl	SUM
Full tid i skuleåret (morgon og ettermiddag) inkl. haust og vinterferie	3 215		8				8
Full tid i skuleåret (morgon og ettermiddag)	2 865	4	10	1	6		21
Ettermiddagstilbod i skuleåret	2 455	2	11	6	13		32
Halv veke: måndag, tysdag og torsdag i skuleåret 13.30-16.30(9)	1 490				2		2
Halv veke: onsdag og fredag i skuleåret 12-16.30 (10,5)	1 490	3	29	12	14	2	60
Dagtilbod	295						
Tilbod i feriane	1 900						
Totalt		9	58	19	35	2	123

Konsekvensar av gjeldande tilbodsstruktur samanlikna med andre kommunar

Av 363 elevar på småskuletrinnet dette skuleåret, ser ein at 123 barn, nær 34%, nyttar SFO.

Kostratala for 2015 syner at Sveio kommune samanlikna med andre kommunar og kommunegruppa har ein låg prosentdel elevar som har plass i SFO.

Når det til ei kvar tid er behov for 15 barn i ordninga for å finansiera tilsynet i opningstida, ser ein at dei fleste skulane vil ha store utfordringar med å få ordninga til å gå i balanse.

Såleis kan det sjå ut som om det hadde gitt best inntening om det berre var mogleg å nytta full plass, men truleg ville det ført til redusert etterspørsel.

4.2.Ulike tilbodsstrukturar og salsinntekter

Val av tilbodsstruktur er viktig for innteninga. Samstundes må ein rekna med at tilbodsstrukturen vil påverka etterspørselen.

Den største utfordringa i vår kommune er at så få barn er brukarar i SFO. Med ein reduksjon i tal på innbetalingar frå 11 til 10, vil dei føresette få redusert kostnadane med ca. 2955 kr pr. år. Det kan vera forsøket verdt å sjå om dette vil gi auka etterspørsel.

Rådmannen vil ikkje foreslå reduksjon i tilbodsalternativ i denne omgang, men heller redusera prisen og auka bemanningsnorma noko for å sjå om det kan føra til at fleire barn blir brukarar av ordningane.

4.3. Ferietilbod

Sveio kommune gir i dag ferietilbod ved Sveio skule. Også dette tilbodet har liten etterspørsel, og den høge prisen kan vera årsaka til det. Av eksisterande vedtekter går det fram at det blir gitt tilbod på 9.5 t pr. dag i feriane. Ved å redusera opningstida i feriane med ein time pr. dag, kan det innførast ein monaleg prisreduksjon.

Kostnad for assistent/fagarbeidar er 10 000/11000 kr for 42,5 t pr. veke. Med 10-11 brukarar i ferieordninga kan prisen reduserast frå 1950 kr. pr. veke til om lag 1100 kr. pr. veke.

Rådmannen tilrår:

- SFO pr. ferieveke blir på 42,5 t (kl.7.30-16.00).
- Med endring i opningstid kan prisen reduserast til 1100 kr. pr. veke.
- Om tal på påmeldte ikkje aukar etter endring i opningstid og pris, må tilbodet vurderast på nytt.

5.0. Søskenmoderasjon

Av betalingssatsane som ligg på heimesidene til kommunen, går det fram at kommunen ikkje gir søskenmoderasjon. For å gjera det mogleg for fleire familiar å velja SFO for barna både i skuleåret og i feriar, vil rådmannen foreslå reduksjon i betalinga for tilbodet. For dette tiltaket er alle barn i kommunen i målgruppa, medan innføring av søskenmoderasjon berre vil gi lette i økonomien for nokre få. Økonomien i ordninga gir ikkje høve til både å redusera utgiftene til ordninga for alle og søskenmoderasjon.

Rådmannen vil såleis ikkje tilrå å innføra søskenmoderasjon, men heller redusera kostnaden for alle.

6.0. Tid til leiing

6.1. Tid til leiing i gjeldande vedtekter

«Rektor er pedagogisk og administrativ leiar for skulefritidsordninga. SFO skal ha eige budsjett. SFO har dagleg leiar som har ansvar for at SFO blir drive i samsvar med §13-7 i Opplæringslova.»

6.2. Tid til leiing i opplæringslova og SFS 2201

I artikkel frå KS (24.4.2014) knytt til særavtalen SFS 2201 og andre spørsmål om personalet i barnehage, skule og SFO står det:

«Dersom kommunen velger å ansette daglig leder i SFO er ledelsesressurs regulert i punkt 3.1.2. Særavtaleteksten lyder slik: «I skulefritidsordningar som samlet har innskrevet 60 barn eller mer, skal det som hovedregel tilsettes daglig leder i hel stilling. I mindre skulefritidsordningar kan daglig leder også utføre andre arbeidsoppgaver utover funksjonen som daglig leder. Det foretas en forholdsmessig reduksjon av tid til ledelse, dog slik at minimum 20 % av hel stilling skal avsettes til ledelse. I opplæringsloven § 13-7 framkommer det at når skulefritidsordninga er knyttet til skoler, skal rektor til vanlig være administrativ og faglig leder. Flere kommuner har med henvisning til denne bestemmelsen ikke ansatt egne daglig ledere i SFO. Kommunene bør, ved nyansettelser i skulefritidsordningar, og spesielt i små skulefritidsordningar, vurdere hvorvidt det er behov for å ansette egne daglige ledere.»...

«Når det gjelder formuleringen «forholdsmessig reduksjon av tid til ledelse» forstås dette slik: Det vil være behov for en basistid til å utføre ledelsesoppgaver, uavhengig av antall barn i SFO. Når antall barn øker, vil det være behov for tid utover dette. Dette må vurderes lokalt. Avtalen sier kun at dersom man ansetter daglig leder i SFO skal minimumstid til ledelse være 20 % av hel stilling. Hvor stor del av stillingen som til enhver tid går med til rene ledelsesoppgaver, vil kunne variere gjennom året. Eventuell disponibel tid utover konkret ledelsestid brukes til annet arbeid i SFO/skole.»

6.3. Aktuell tilnærming til tidsressurs for leiing

Av vedtektene for SFO i Sveio kommune går det fram at ordninga skal ha eigen leiar. Berre Sveio skule har (med elevane frå Auklandshamn) 60 barn, men sidan rektor og ulike andre støttefunksjonar bidrar inn mot ordninga blir ikkje SFS 2201 lagt til grunn for tid til leiing.

Ei stor SFO-ordning vil ha mange og store oppgåver knytte til kontakt med brukarane, (brukarregistreringar, vikarorganisering og rapportering, personalhandtering, dagleg organisering, deltaking i ulike møte med skulen, fagleg leiing m.m.), og det vil ikkje vera mogleg for rektor å ta hand om alt dette åleine.

Av SFS 2201 går det fram at dersom dagleg leiar i SFO blir tilsett, skal minimumstid til leiing vera 20 % av heil stilling. Når talet på barn aukar, vil det vera behov for meir tid, men dette skal vurderast lokalt.

Med dette som grunnlag kan følgjande løysing vera aktuell:

- For dei minste SFO-ordningane har rektor ansvar for leiing av SFO. Når brukarbetalinga tilseier det, kan rektor setja av ressursar til koordinering av ordninga, til ein av dei tilsette.
- For større ordningar skal ei god disponering av personalressursane innan den økonomiske ramma som foreldrebetalinga gir, gjera det mogleg å setja av noko tid til SFO-leiar/koordinator.

Ressursar som skal dekkja rektor sitt overordna ansvar for SFO, er lagt inn i tildelingsgrunnlaget for barneskulane. Dei er såleis dekkja av dei frie inntektene til kommunen og blir ikkje dekkja av foreldrebetalinga.

6.4. Tid til planlegging og samarbeid for gruppeleiarar

I skulefritidsordninga skal tid til tilrettelegging/planlegging utgjera gjennomsnittleg minst 5 % av arbeidstida og vera innan ordinær arbeidstid. I tillegg til planleggingstid skal det etter SFS 2201 setjast av 37,5 timar pr. år til planlegging og samarbeid ved den enkelte skulefritidsordning. For tilsette på deltid skal 37,5 timar tilpassast stillingsstorleiken til arbeidstakar.

7.0. Opptaksperiodar og oppseiing

I gjeldande vedtekter står det:

«Opptaket skal gjennomførast i vårsemesteret og gjeld for eit skuleår. Det kan søkjast om plass etter fristen og gjennom heile skuleåret, men tildeling av plass blir berre aktuelt om inntaket ikkje utløyser ekstra bemanning. Det er bindingstid på eit halvt år. Dersom ein ønskjer å seia opp plassen for andre halvår, kan dette gjerast innan 1.12. Endring av opphaldstid kan berre skje pr.1.01., og det må søkjast til rektor om dette innan 1.12.»

SFO får si organisering med inndeling i grupper og tal på tilsette med grunnlag i påmeldte barn i august, og det er viktig både for økonomien i ordninga og stabiliteten i barnegruppa at barnetalet held seg gjennom året. Rådmannen vil ikkje foreslå endringar på dette punktet.

8. Opningstider

Eksisterande opningstider:

«Dagleg opningstid i skuleåret: Alle dagar 07.00-16.30. Stengt i skuletida. SFO er stengt på skulen sine 5 planleggingsdagar»

Opningstidene må vera samanfallande med arbeidstidene til føresette og sjølv om det kan vera til stor støtte for økonomien i ordninga å redusera opningstida med for eksempel ein halv time, kan ikkje rådmannen gjera endringar i forhold til desse på nåverande tidspunkt.

9. Barn med særskilte behov

Det følgjer av opplæringslova § 13-7 at kommunane skal ha tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Det vil vera urimeleg at utgifter til barn med særskilte behov skal inngå i sjølvkostgrunnlaget for SFO, og Sveio kommune har heller ikkje tidlegare lagt inn desse kostnadane ved utrekning av brukarbetaling.

Når det gjeld brukarbetaling, er det naturleg at det for denne gruppa blir betalt vanlege satsar for barna når dei går i 1.-4.klasse sidan dette er utgifter som gjeld alle barn i denne aldersgruppa. På mellomtrinnet bør tilbodet vera gratis.

I brev frå utdanningsdirektoratet til fylkesmannen i Aust-Agder 22.5.12 går det fram at PP-tenesta ikkje er sakkunnig instans i forhold til skulefritidsordninga.

«Utdanningsdirektoratet vil likevel oppfordre kommunen til å lytte til råd og vurderingar fra ulike instanser som kjenner barnet og som kan ha nyttig informasjon om barnets fungering og behov. Det er til dels ulike regler som gjelder for henholdsvis grunnskolen og SFO. Det betyr at det enkelte barns behov for bl.a. tilsyn kan være ulikt i skolen og SFO. I SFO vil behovet for bemanning være avhengig av hva slags aktiviteter som tilbys og alderssammensetningen, hvor mange barn som deltar, daglig oppholdstid og antall barn med særlige behov.»

SFO-ordningane ved skulane i Sveio får eit tilskott avsett i budsjettet som bør vidareførast for å dekkja utgifter til barn med særskilte behov.

10. Innhaldet i SFO

SFO er eit omsorgs -og fritidstilbod og skal leggja til rette for leik, kultur -og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Kvaliteten på innhaldet vil ha noko å seia for interessa for tilbodet.

Ein styrkje for innhaldet kan vera eit samarbeid med idrettsorganisasjonar, kulturskulen og organisasjonslivet elles, og den enkelte ordning bør søkja samarbeid med organisasjonar i lokalmiljøet. Om fleire fritidsaktivitetar kan få plass i SFO, kan familiane få rolegare ettermiddagar og kveldar, og innhaldet i SFO kan bli styrkja. Det kan ikkje forventast betalingsreduksjon om det blir gitt høve til å gjennomføra fritidsaktivitetar i SFO fordi ordninga må oppretthalda bemanninga sjølv om enkeltbarn deltar i andre aktivitetar.

OPPSUMMERING

Den største utfordringa for SFO-ordningane i Sveio kommune, er at så få barn nyttar tilbodet.

I eit folkehelseperspektiv er det sentralt at SFO blir tilgjengeleg for så mange barn som mogleg slik at barna kan ha ein trygg og god fritidssituasjon før og etter skuletid medan dei føresette er på arbeid. Tiltaket har særleg stor verdi for dei mest sårbare gruppene, men skal bidra til ein god oppvekst for alle. Pris vil vera avgjerande for i kor stor grad familiane kan nytta seg av tilbodet. I dette perspektivet er det avgjerande å ha kostnadane på eit nivå som ikkje gir stor auke i foreldrebetalinga. Redusert vaksentettleik, sjølv om endringa som her blir foreslått er liten, blir rekna som ei utfordring for innhaldet i ordninga. Vaksentettleiken må likevel vurderast opp mot prisen på tilbodet og at ordninga kan vera tilgjengeleg for så mange barn som muleg.

Såleis foreslår rådmannen reduksjon i betalingsssatsane:

- Betaling for dei ulike tilbodsalternativa blir redusert med ein innbetaling pr. år. For ein fulltidsplass i skuleåret vil reduksjonen utgjera 2955,-kr pr. år. Samstundes blir bemanningsnorma endra for å nå målet om balanse mellom inntektene og personalkostnadane.
- For å gjera ferietilbodet meir tilgjengeleg for fleire, blir betalingsattsane foreslått redusert frå 1950,-kr pr. veke til 1100 kr. pr. veke for å gjera tilbodet meir tilgjengeleg for fleire. (Alle prisane tar utgangspunkt i forventta prisstigning for 2017, men korleis desse blir, veit ein først etter handsaming av betalingsattsar i KOM i desember-16)
- Kommunen vil i samsvar med tidlegare praksis, ta kostnadane med personalressursar for barn med særskilte behov, husleige, straum og leiarressurs til rektor.

Prisreduksjon blir her foreslått som eit middel for å auka talet på barn i ordningane. Såleis vil ein gjera tilbodet meir tilgjengeleg for fleire samstundes som inntektsgrunnlaget for ordninga blir auka. Om tal påmeldte barn ikkje aukar som følgje av prisreduksjon, må ordninga vurderast på ny.

Både inntekts -og kostnadssida i SFO er kompleks og kan bli påverka av faktorar som det på førehand er vanskeleg å ta høgde for, og eventuelle tiltak som blir sette i verk vil krevja ei tett oppfølging både av skule og skuleeigar.

Om personalkostandane for tilsynet med barna i SFO skal dekkast av foreldrebetalinga, må om lag 15 barn til ei kvar tid ha plass i ordninga for å finansiera lønsutgiftene som ei gruppe utløyser. Tal på påmeldte barn vil variera og ikkje alltid gi fulle grupper. Det blir såleis avgjerande å disponera personalet slik at det blir ei forsvarleg ordning innan rammene som foreldrebetalinga til ei kvar tid gir, og bemanningsfaktoren på 15 bør vera rettleiande.

For innteninga i ordninga ville det gitt best stabilitet og vore mest føreseieleg om det berre blei gitt tilbod om å kjøpa heile plassar. Ein tilbodsstruktur som gir stor fleksibilitet, vil vera lite kostnadseffektiv, redusera inntektssida og kan gi auke i betalingsattsane. Om prisane skal halda seg på nåverande nivå, bør difor tal på tilbodsalternativ ikkje aukast .

Auke i tal på barn pr. vaksen vil gi konsekvensar for innhaldet i SFO og for moglegheitene for oppfølging av kvart enkelt barn. Samstundes vil arbeidssituasjonen for dei tilsette bli meir krevjande.

Ferietilbodet er redusert med ein time pr. ferieveke, men samstundes blir betalingsattsen kraftig redusert. Tal på påmeldte barn i ordninga vil avgjera om dette tilbodet kan vidareførast.